



## Møteprotokoll Formannskapet

**Møtedato:** 22.04.2015  
**Møtestad:** Kommunehuset - Børilden  
**Møtetid:** 09:30

Det vert synfaringar i følgjande saker:

Kl. 10:00 Øksnes kai i samband med sak 041/15

Kl. 11:15 Åråsvågen i sak 042/15

Kl. 11:45 Kaland i sak 043/15

Kl. 12:15 Fonnes kai i sak 044/15

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Helge Dyrkolbotn	KRF	Varaordfører
Liv Ulvøy	V	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordfører
Ernst Stellberg	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Torunn Helland Karlsen	V	Varamedlem
Terje Håland	AP	Varamedlem

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

---

Rådmann Jan Olav Osen og assisterande rådmann Olav Mongstad

Dato, 24.04.2015

Helge Dyrkolbotn  
varaordfører

Jan Olav Osen  
rådmann

## Sakliste

Saknr	Tittel
036/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
037/15	Godkjenning av møteprotokoll
038/15	Meldingar
039/15	Delegerte saker
040/15	Orienteringssak
041/15	Uttale til søknad om utviding av MTB og areal på lokalitet 30559 Øksneset- Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS
042/15	Vedtak - gbnr 148/109 - Åråsvågen - tilbygg/påbygg garasje
043/15	Kjøp av område til omsorgsbustader på Kaland
044/15	Vedtak - Områdeplan for Nordre Fønnesvågen - Planid. 2011002 - Andre gongs offentleg ettersyn
045/15	Søknad på gbnr. 131/279 om dispensasjon frå reguleringsplan Fønnesstraumen
046/15	Sak 15//218 Mellombels veg - 133/13 - Bakkøy
047/15	Sak 14/1388 - gbnr 155/34 - Hopland - naust og kai
048/15	Detaljregulering Johan Sverdrup oljerørleidning frå Bergsvikhamn til Mongstad- planID 2014002 - Offentleg ettersyn
049/15	8-13 skule - konklusjon frå arbeidsgruppa og vedtak i Hordaland fylkesting
050/15	Framlegg til høyringsnotat for endra skulestruktur i Austrheim kommune
051/15	Forprosjekt på utviding av Kaland barnehage
052/15	Kulturminneplan - Planprogram - Endeleg vedtak
053/15	Søknad om tilskot til lokalhistorisk bok om Mongstad
054/15	Evaluering og endring av Austrheim næringsforum
055/15	Budsjettoppfølging mars 2015/Status likviditet

## **036/15: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **22.04.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **FS - 036/15 Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **037/15: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **22.04.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **FS - 037/15 Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

---

## **038/15: Meldingar**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

## **22.04.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

**FS - 038/15 Vedtak:**

Meldingane vert tekne til orientering

---

**039/15: Delegerte saker**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

**22.04.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS - 039/15 Vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

---

**040/15: Orienteringssak**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**22.04.2015 FORMANNSKAPET**

Frode Hervik orienterte om status i bredbandssaka. I år vil Austrheim kommune søke om tilskot saman med Radøy kommune.

**FS - 040/15 Vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.

---

**041/15: Uttale til søknad om utviding av MTB og areal på lokalitet 30559 Øksneset-Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommune tilrår at søkjar Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS får løyve til å utvida sin eksisterande havbrukslokalitet nr. 30559 på Øksneset til 5.460 tonn MTB. Austrheim kommune rår og til at søkjar får løyve til å utvida oppdrettsanlegget på Øksneset med ein ekstra ring som omsøkt.

Austrheim kommune rår til at beredskapsplanen datert 01.08.2012 vert oppdatert slik at yrkesfiskarar som bur nærare lokaliteten kjem med på deltakarlista på beredskapsplanen om rømming/uhell skjer. Rådmannen viser elles til saksutgreinga under.

### **22.04.2015 FORMANNSKAPET**

Det var synfaring i saka:

Tilstades på synfaringa var representantar frå søker v/ ma. Eirik Matre.

Frå formannskapet: Helge Dyrkolbotn, Liv Ulvøy, Torunn Karlsen, Reidar Øksnes og Terje Håland.

Frå administrasjonen: Stein Kåre Løvslett, Asbjørn Toft, Thomas Lindås og Jan Olav Osen

### **FS - 041/15 Vedtak:**

Austrheim kommune tilrår at søkjar Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS får løyve til å utvida sin eksisterande havbrukslokalitet nr. 30559 på Øksneset til 5.460 tonn MTB. Austrheim kommune rår og til at søkjar får løyve til å utvida oppdrettsanlegget på Øksneset med ein ekstra ring som omsøkt.

Austrheim kommune rår til at beredskapsplanen datert 01.08.2012 vert oppdatert slik at yrkesfiskarar som bur nærare lokaliteten kjem med på deltakarlista på beredskapsplanen om rømming/uhell skjer. Rådmannen viser elles til saksutgreinga under.

---

### **042/15: Vedtak - gbnr 148/109 - Åråsvågen - tilbygg/påbygg garasje**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Formannskapet i Austrheim kommune seier seg einig i Rådmannen sine vurderingar og konklusjonar og gjer fylgjande vedtak for tiltak på gnr 148 bnr 109, Åråsmarka:

#### **Dispensasjonar:**

*Dispensasjon 1): Dispensasjon for 2 etasjer på garasje.*

Austrheim kommune gir i medhald av Pbl §19-2 dispensasjon frå føresegnene til reguleringsplan for Åråsmarka, PlanID 2002002, for å bygge ein takkonstruksjon på garasjen på gnr 148 bnr 109 som inneheld målbart areal og dermed ein definert etasje over eksisterende garasje.

*Dispensasjon 2): Dispensasjon frå byggegrense mot nabo.*

Austrheim kommune gir i medhald av Pbl §§19-2 dispensasjon frå byggegrense og føresegnene til reguleringsplan for Åråsmarka, PlanID 2002002, for å bygge terrasse og bod på og ved garasjen på gnr 148 bnr 109 som ligg nærare nabogrensa enn 4 m.

Grunngjeving for vedtaket er gitt i saksutgreiinga.

Saka vert å sende til Fylkesmannen i Hordaland for uttale.

#### Ansvarsrettar:

##### Føretak:

Austrheim kommune gir i medhald av Pbl § 22-3 føretaket Arkitekt Mette Kyed Thorson lokal godkjenning for ansvarsrett for omsøkte funksjonar i tiltaksklasse 1.

Austrheim kommune gir i medhald av Pbl §§ 21-4 og 22-3 føretaket Arkitekt Mette Kyed Thorson ansvarsrett for omsøkte funksjonar i tiltaksklasse 1. Jf tabell i saksopplysningar.

##### Sjølvsbygger:

Austrheim kommune gir i medhald av Pbl § 22-3 og SAK10 § 6-8 Anne Sofie og Jarle Dalberg lokal godkjenning for personlig ansvarsrett som sjølvsbygger for omsøkte funksjonar i tiltaksklasse 1.

Austrheim kommune gir i medhald av Pbl §§ 21-4 og 23-3 Anne Sofie og Jarle Dalberg personlig ansvarsrett for omsøkte funksjonar i tiltaksklasse 1. Jf tabell i saksopplysningar.

Grunngjeving for vedtaket er gitt i saksutgreiinga.

#### Tiltaket:

Austrheim kommune gjev i medhald av Pbl §§ 21-4, 29-2 og 29-4 løyve på vilkår til omsøkte tiltak på gnr 148 bnr 109 i Åråsmarka hyttefelt. Jf motteken søknad etter § 20-1.

Vilkår for løyve:

- Teknisk forskrift (TEK10) skal følgjast
- Gavlveggen mot nordaust vert endra som omtala i saksutgreiinga.
- Takutstikk på langvegg mot nord mot gbnr 148/110 vert endra som omtala i saksutgreiinga.

Grunngjeving for vedtaket er gitt i saksutgreiinga.

Det var synfaring i saka:

Søkar:

Anne Sofie og Jarle Dalby

Naboar: Aud og Rune Jansen og Solveig Reigen

Frå formannskapet: Helge Dyrkolbotn, Liv Ulvøy, Torunn Karlsen, Reidar Øksnes og Terje Håland.

Frå administrasjonen: Stein Kåre Løvslett, Asbjørn Toft, Thomas Lindås og Jan Olav Osen

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **FS - 042/15 Vedtak:**

Formannskapet i Austrheim kommune seier seg einig i Rådmannen sine vurderingar og konklusjonar og gjer fylgjande vedtak for tiltak på gnr 148 bnr 109, Åråsmarka:

#### Dispensasjonar:

##### Dispensasjon 1): Dispensasjon for 2 etasjer på garasje.

Austrheim kommune gir i medhald av Pbl §19-2 dispensasjon frå føresegnene til reguleringsplan for Åråsmarka, PlanID 2002002, for å bygge ein takkonstruksjon på garasjen på gnr 148 bnr 109 som inneheld målbart areal og dermed ein definert etasje over eksisterende garasje.

##### Dispensasjon 2:)Dispensasjon frå byggegrense mot nabo.

Austrheim kommune gir i medhald av Pbl §§19-2 dispensasjon frå byggegrense og føresegnene til reguleringsplan for Åråsmarka, PlanID 2002002, for å bygge terrasse og bod på og ved garasjen på gnr 148 bnr 109 som ligg nærare nabogrensa enn 4 m.

Grunngjeving for vedtaket er gitt i saksutgreiinga.

Saka vert å sende til Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

#### Ansvarsrettar:

##### Føretak:

Austrheim kommune gir i medhald av Pbl § 22-3 føretaket Arkitekt Mette Kyed Thorson lokal godkjenning for ansvarsrett for omsøkte funksjonar i tiltaksklasse 1.

Austrheim kommune gir i medhald av Pbl §§ 21-4 og 22-3 føretaket Arkitekt Mette Kyed Thorson ansvarsrett for omsøkte funksjonar i tiltaksklasse 1. Jf tabell i saksopplysningar.

##### Sjølvbyggjar:

Austrheim kommune gir i medhald av Pbl § 22-3 og SAK10 § 6-8 Anne Sofie og Jarle Dalberg lokal godkjenning for personlig ansvarsrett som sjølvbyggjar for omsøkte funksjonar i tiltaksklasse 1.

Austrheim kommune gir i medhald av Pbl §§ 21-4 og 23-3 Anne Sofie og Jarle Dalberg personlig ansvarsrett for omsøkte funksjonar i tiltaksklasse 1. Jf tabell i saksopplysningar.

Grunngjeving for vedtaket er gitt i saksutgreiinga.

#### Tiltaket:

Austrheim kommune gjev i medhald av Pbl §§ 21-4, 29-2 og 29-4 løyve på vilkår til omsøkte tiltak på gnr 148 bnr 109 i Åråsmarka hyttefelt. Jf motteken søknad etter § 20-1.

Vilkår for løyve:

- Teknisk forskrift (TEK10) skal følgjast
- Gavlveggen mot nordaust vert endra som omtala i saksutgreiinga.
- Takutstikk på langvegg mot nord mot gbnr 148/110 vert endra som omtala i saksutgreiinga.

Grunngjeving for vedtaket er gitt i saksutgreiinga.

---

### **043/15: Kjøp av område til omsorgsbustader på Kaland**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

1. Austrheim kommunestyre godkjenner avtale om kjøp av gnr. 130/bnr. 13 i Austrheim kommune til bygging av omsorgsbustader og offentlege føremål. Kjøpesummen på 3,2 mill. vert ført på investeringssummen for eldrebustader på Kaland. Rådmannen får fullmakt til å forhandla om deling av kjøpesummen over budsjettåra 2015 og 2016.
2. Rådmannen får fullmakt til å setja i gang eit forprosjekt og henta inn arkitekt for dette forprosjektet. Oppdraget må lysast ut med høve for å bli utvida med det endelege byggeprosjektet.
3. Forprosjektet bør ta for seg korleis heile det kjøpte området kan utnyttast.
4. Rådmannen får fullmakt til å setja i verk eventuelt reguleringsplanarbeid for det kjøpte området.
5. Pengar til føremåla som kjem under punkt 1, 2, 3, og 4, vert henta frå investeringsbudsjettet, omsorgsbustader Kaland/Fonnes.

#### **14.04.2015 ELDRERÅDET**

Det var synfaring. Eldrerådet såg på området det er aktuelt å kjøpa og på området ved Merkesåen.

Framlegg frå leiar:



6. Bustadene bør organiserast som frittstående burettslag med lågast mogleg administrasjonskostnader. Det bør leggjast inn årlege vedlikehaldskostnader.

Til neste møte bør administrasjonen gje ei orientering om moglege organiseringar av bustadene.

Samrøystes vedtatt med tilleggspunkt frå leiar

#### **ER - 005/15 Vedtak:**

1. Austrheim kommunestyre godkjenner avtale om kjøp av gnr. 130/bnr. 13 i Austrheim kommune til bygging av omsorgsbustader og offentlege føremål. Kjøpesummen på 3,2 mill. vert ført på investeringssummen for eldrebustader på Kaland. Rådmannen får fullmakt til å forhandla om deling av kjøpesummen over budsjettåra 2015 og 2016.
2. Rådmannen får fullmakt til å setja i gang eit forprosjekt og henta inn arkitekt for dette forprosjektet. Oppdraget må lysast ut med høve for å bli utvida med det endelege byggeprosjektet.
3. Forprosjektet bør ta for seg korleis heile det kjøpte området kan utnyttast.
4. Rådmannen får fullmakt til å setja i verk eventuelt reguleringsplanarbeid for det kjøpte området.
5. Pengar til føremåla som kjem under punkt 1, 2, 3, og 4, vert henta frå investeringsbudsjettet, omsorgsbustader Kaland/Fonnes.

6. Bustadene bør organiserast som frittstående burettslag med lågast mogleg administrasjonskostnader. Det bør leggjast inn årlege vedlikehaldskostnader.

#### **22.04.2015 FORMANNSKAPET**

Det var synfariang i saka.

I møtet vart det utdelt framlegg til avtale om kjøp.

Frå formannskapet: Helge Dyrkolbotn, Liv Ulvøy, Torunn Karlsen, Reidar Øksnes og Terje Håland.  
Frå administrasjonen: Stein Kåre Løvslett, Asbjørn Toft, Thomas Lindås, Jan Olav Osen og Olav Mongstad

Framlegg frå Reidar Øksnes:

1. Austrheim kommunestyre godkjenner avtale om kjøp av gnr. 130/bnr. 13 i Austrheim kommune til bygging av omsorgsbustader og offentlege føremål. Kjøpesummen på 3,2 mill. vert ført på investeringssummen for eldrebustader på Kaland. Rådmannen får fullmakt til å forhandla om deling av kjøpesummen over budsjettåra 2015 og 2016.
2. Rådmannen får fullmakt til å setja i gang eit forprosjekt og henta inn arkitekt for dette forprosjektet. Oppdraget må lysast ut med høve for å bli utvida med det endelege byggeprosjektet.
3. Forprosjektet bør ta for seg korleis heile arealet kommunen eig sør for Kaland skule skal utnyttast.
4. Rådmannen får fullmakt til å setja i verk eventuelt reguleringsplanarbeid for det aktuelle

området.

5. Pengar til føremåla som kjem under punkt 1, 2, 3, og 4, vert henta frå investeringsbudsjettet, omsorgsbustader Kaland/Fonnes.
6. Forprosjektet må utarbeida forslag til organisering av bustadene.

Reidar Øksnes sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

#### **FS - 043/15 Vedtak:**

1. Austrheim kommunestyre godkjenner avtale om kjøp av gnr. 130/bnr. 13 i Austrheim kommune til bygging av omsorgsbustader og offentlege føremål. Kjøpesummen på 3,2 mill. vert ført på investeringssummen for eldrebustader på Kaland. Rådmannen får fullmakt til å forhandla om deling av kjøpesummen over budsjettåra 2015 og 2016.
2. Rådmannen får fullmakt til å setja i gang eit forprosjekt og henta inn arkitekt for dette forprosjektet. Oppdraget må lysast ut med høve for å bli utvida med det endelege byggeprosjektet.
3. Forprosjektet bør ta for seg korleis heile arealet kommunen eig sør for Kaland skule skal utnyttast.
4. Rådmannen får fullmakt til å setja i verk eventuelt reguleringsplanarbeid for det aktuelle området.
5. Pengar til føremåla som kjem under punkt 1, 2, 3, og 4, vert henta frå investeringsbudsjettet, omsorgsbustader Kaland/Fonnes.
6. Forprosjektet må utarbeida forslag til organisering av bustadene.

---

#### **044/15: Vedtak - Områdeplan for Nordre Fonnesvågen - Planid. 2011002 - Andre gongs offentlig ettersyn**

##### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommune legg områdeplan for Nordre Fonnesvågen med planid. 2011002 ut til andre gongs offentlig ettersyn. Plandokumenta er datert med plankart 26.03. 2015 og føresegner 22.04.2015. Grunngevinga for vedtaket står i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §12-10.

#### **22.04.2015 FORMANNSKAPET**

Det var synfaring i saka

Frå formannskapet: Helge Dyrkolbotn, Liv Ulvøy, Torunn Karlsen, Reidar Øksnes og Terje Håland.  
Frå administrasjonen: Stein Kåre Løvslett, Asbjørn Toft, Thomas Lindås og Jan Olav Osen

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 044/15 Vedtak:**

Austrheim kommune legg områdeplan for Nordre Fønnesvågen med planid. 2011002 ut til andre gongs offentleg ettersyn. Plandokumenta er datert med plankart 26.03. 2015 og føresegner 22.04.2015. Grunngevinga for vedtaket står i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §12-10.

---

**045/15: Søknad på gbnr. 131/279 om dispensasjon frå reguleringsplan Fønnesstraumen**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå reguleringsplan som omsøkt til deling av to mindre restareal på gnr. 131, bnr. 279 som er i område avsett til arealformål leik. Vilkåret for delinga er at dei to naboeigedommane set opp gjerde eller hekk langs si nye grense mot eksisterande tilkomstveg.

Grunngeving for vedtaket er i hovudsak at ein ved denne delinga får delt frå to restareal som i dag er ein naturleg del av dei to bustadtomtane her. Grunngevinga er elles gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 12-4.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

**22.04.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 045/15 Vedtak:**

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå reguleringsplan som omsøkt til deling av to mindre restareal på gnr. 131, bnr. 279 som er i område avsett til arealformål leik. Vilkåret for delinga er at dei to naboeigedommane set opp gjerde eller hekk langs si nye grense mot eksisterande tilkomstveg.

Grunngeving for vedtaket er i hovudsak at ein ved denne delinga får delt frå to restareal som i dag er ein naturleg del av dei to bustadtomtane her. Grunngevinga er elles gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 12-4.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

---

## **046/15: Sak 15//218 Mellombels veg - 133/13 - Bakkøy**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Formannskapet i Austrheim kommune gjev dispensasjon som omsøkt til bygging av mellombels anleggsveg på følgjande vilkår:

1. Vegen og avkjøringa skal fjernast seinast 6 månader etter at det er gjeve byggeløyve.
2. Dreneringsmessige forhold skal vere som før etter tilbakeføringa.
3. Om mogleg skal jorda leggst tilbake slik den låg.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-3.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

## **22.04.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **FS - 046/15 Vedtak:**

Formannskapet i Austrheim kommune gjev dispensasjon som omsøkt til bygging av mellombels anleggsveg på følgjande vilkår:

1. Vegen og avkjøringa skal fjernast seinast 6 månader etter at det er gjeve byggeløyve.
2. Dreneringsmessige forhold skal vere som før etter tilbakeføringa.
3. Om mogleg skal jorda leggst tilbake slik den låg.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-3.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

---

## **047/15: Sak 14/1388 - gbnr 155/34 - Hopland - naust og kai**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Formannskapet i Austrheim kommune gjev dispensasjon som omsøkt til naust og kai på følgjande vilkår:

1. Naustet må vere i tråd med Austrheim kommune sine retningslinjer for bygging av naust.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

## 22.04.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **FS - 047/15 Vedtak:**

Formannskapet i Austrheim kommune gjev dispensasjon som omsøkt til naust og kai på følgjande vilkår:

1. Naustet må vere i tråd med Austrheim kommune sine retningslinjer for bygging av naust.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

---

## **048/15: Detaljregulering Johan Sverdrup oljerørleidning frå Bergsvikhamn til Mongstad-planID 2014002 - Offentleg ettersyn**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til detaljreguleringsplan Johan Sverdrup (JoSEPP) Oljerørleidning, Bergsvikhamn til Mongstad – PlanID 12642014002» lagt ut på offentlig ettersyn med følgjande endringar i reguleringsføresegnene:

1. Samstundes som anleggsvegar og rigg- og anleggsområde for Johan Sverdrup vert ferdig planert og kan takast i bruk skal gang og sykkelvegar med veglys ha fått bruksløyve/ferdigattest langs Fv. 565, Fv. 57 og langs Keilevegen slik plankartet viser. Igangsettingsløyve kan ikkje gjevast til tunellbygging før gang- og sykkelvegar har fått bruksløyve/ferdigattest slik plankartet viser.
2. Før igangsettingsløyve kan gjevast til tunellar til oljerørleidninga må rundkøyring og busshaldeplass og anna infrastruktur knytt opp til Fv. 57 og Fv. 565 vera ferdigbygd slik plankartet viser og fått bruksløyve/ferdigattest.
3. Samstundes som anleggsvegar, rigg- og anleggsområde for Johan Sverdrup ved tunelloppningane vert ferdig planert skal planfri undergang vera bygd og vera godkjent ved Fv. 57 av Statens vegvesen og bruksløyve/ferdigattest skal vera gjeve til dette.
4. Før legging av steinmassar frå tunellarbeid kan skje på Næringsområde BI1 og BKB2 i planområdet må alle torv- og jordmassane fjernast der steinmassane vert tilkøyrd. Torv – og jordmassane må plasserast og planerast ut i godkjent område for dette. Planeringshøgde for steinmassane der dette skjer må vera vist på plankart. Før tiltaket kan få bruksløyve/ferdigattest må planeringsområde for torv- og jordmassar i planområdet vera tilsådd og landbruksarealet må vera klar for maskinell innhausting.
5. Kraftinja på 22 KV som er regulert som H370\_6 (høgspenningsanlegg) i næringsområdet i BKB2 i planområdet skal kablast før igangsettingsløyve kan gjevast til tunellbygging i BAS7. Den skal kablast langs planlagt gang- og sykkelveg o\_SGS1 (Keilevegen) og langs gang- og sykkelveg SGS4 (Fv. 57).

6. Alle dreneringsgrøfter og naudsynt drenering må vera etablert og kome i funksjon samstundes med legging av oljerørleidninga. Etter at oljerørleidninga er lagt ned og dekt til skal alle beite- og grasareal som er berørt av anleggsdrifta stellast i stand og tilsåast. Dette må gjerast før ferdigattest til tiltaket kan gjevast.

7. Alle anleggsvegane skal kunne brukast som landbruksvegar og turvegar etter at oljerørleidninga er dekt til og teke i bruk, der grunneigarane ynskjer dette. Anleggsvegen ved Fv. 565 og avkøyringa her skal kunne nyttast av landbrukseigedommane på Solvang som permanent tilkomstveg og driftsveg.

8. Det skal ikkje kunne koma saltpåverka vatn frå tunellane til bekkar, elver eller vassdrag. Dette må vera dokumentert av søkjar før tiltaket kan få ferdigattest.

9. Keilevegen frå Fv. 57 og forbi eigedom gnr, 130, bnr. 48 skal opparbeidast til tofelts veg med gang- og sykkelveg med veglys og vera ferdigbygd samstundes som anleggsvegar og rigg- og anleggsområde for Johan Sverdrup vert ferdig planert. Tunellbygginga ved næringsområdet BKB2 ved Fv. 57 kan ikkje få igangsettingsløyve før bruksløyve/ferdigattest på dette veganlegget på Keilevegen er gjeve.

10. Det skal etablerast ein støydempar ved planlagt gang- og sykkelveg langs Fv. 565 framfor eigedom 151/7,8 slik at støy frå anleggsdrifta og vegtrafikken på Fv. 565 vert redusert før gang- og sykkelvegen her får ferdigattest.

11. Eigedommane på Keila og andre stadar i planområdet som kan verta berørte av anleggsarbeidet må sikrast trygg og fast vassforsyning både i anleggstida og i driftsfasen.

12. Dersom det skal køyrast røyr, sand-, stein eller jordmassar i samband med anleggsdrifta på Kv 1044 må det byggjast fortau frå avkøyringa ved kyrkja i Austrheim og til og med der anleggsvegen si avkøyring er på Kv. 1044. Tunellbygginga i BAS1 ved Fv. 565 kan i så fall ikkje få igangsettingsløyve før bruksløyve/ferdigattest på dette fortauet er gjeve.

13. Landbruksareal som i anleggsperioden vert nytta til anleggsformål skal setjast i stand etterpå med utgangpunkt i markslagskarta for dei aktuelle landbruksareala. Tilstrekkeleg med brunjord og mineraljord skal leggjast steinfritt tilbake på topplaget. Omsynet til landbruksdrifta skal ivaretakast i anleggsfasen. Gjerder og/eller grinder/ferister må haldast og setjast opp der dette er naudsynt for landbruksdrifta i anleggsdrifta.

14. Det må setjast av areal til felles infrastrukturtrasé mellom o\_SGS1 og o\_SKV1. Det må lagast føresegn som sikrar at felles framtidig infrastruktur skal plasserast i denne traseen. Det må også utformast føresegn som sikrar at det vert lagt til rette for framføring av naudsynt infrastruktur til næringsområda ved eller under Fylkesveg 57.

15. §1.3.3 og § 1.3.5 i planforslaget går ut som føresegn. Eventuelt andre føresegner i planforslag som er i strid med desse føresegnene som nemnd over går ut.

Reguleringsføresegnene må i tråd med dette vedtaket rettast opp før detaljreguleringa her vert sendt ut på offentleg ettersyn. Grunngevinga for vedtaket er elles gjeve i saksutgreiinga.

til møtet låg det føre skriv frå Statoil og Abo med melding om at søknaden om regulering vert trekt.

Med utgangspunkt i vedlagt skriv trakk rådmannen saka.

**FS - 048/15 Vedtak:**

Saka vart trekt.

---

**049/15: 8-13 skule - konklusjon frå arbeidsgruppa og vedtak i Hordaland fylkesting**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret tar vedtaket av 11.03.2015 i Hordaland fylkesting om 8-13 skule i Austrheim til vitande, og ber rådmannen starte arbeidet med å etablere eit gjensidig forpliktande samarbeid mellom Austrheim kommune og Hordaland Fylkeskommune. Dette samarbeidet skal vere knytt til undervisning i eit 8-13 løp, og leggje eit godt grunnlag for at alle elevane skal kunne gjennomføre vidaregåande skule.

**22.04.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd

**FS - 049/15 Vedtak:**

Kommunestyret tar vedtaket av 11.03.2015 i Hordaland fylkesting om 8-13 skule i Austrheim til vitande, og ber rådmannen starte arbeidet med å etablere eit gjensidig forpliktande samarbeid mellom Austrheim kommune og Hordaland Fylkeskommune. Dette samarbeidet skal vere knytt til undervisning i eit 8-13 løp, og leggje eit godt grunnlag for at alle elevane skal kunne gjennomføre vidaregåande skule.

---

**050/15: Framlegg til høyringsnotat for endra skulestruktur i Austrheim kommune**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Formannskapet godkjenner høyringsnotatet om endra skulestruktur i Austrheim kommune, slik det ligg føre, og med høyringsfrist 06. juni 2015.

**22.04.2015 FORMANNSKAPET**

Framlegg frå Reidar Øksnes:

Formannskapet godkjenner at høyringsnotatet om endra skulestruktur i Austrheim kommune, slik det ligg føre, vert lagt ut til høyring med frist 06.06.15.

Framlegg frå Helge Dyrkolbotn Krf

I tillegg vert notat sendt ungdomsrådet til uttale.

Reidar Øksnes sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Helge Dyrkolbotn sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **FS - 050/15 Vedtak:**

Formannskapet godkjenner at høyringsnotatet om endra skulestruktur i Austrheim kommune, slik det ligg føre, vert lagt ut til høyring med frist 06.06.15. I tillegg vert notat sendt ungdomsrådet til uttale.

---

#### **051/15: Forprosjekt på utviding av Kaland barnehage**

##### **Rådmannen sitt framlegg:**

1. Austrheim kommunestyre tek delorienteringa frå arbeidsgruppa til vitande. Det vert sett i gang eit forprosjekt for å vurdere arealbehov for Kaland barnehage. Prosjektet bør vurdere areal innomhus og areal utomhus og sjå det saman med det eventuelle forprosjektet på omsorgsbustader.
2. Austrheim kommunestyre løyver inntil kr 200 000 til arbeidet. Midlane vert teke frå 802 tilleggsløyvingar kommunestyret.

#### **22.04.2015 FORMANNSKAPET**

Framlegg til nytt pkt.3 frå Reidar Øksnes:

I forprosjektet bør ein og vurdere om det skal byggjast heilt ny barnehage i krinsen. Prosjektet må vurdere dette realisert innanfor det areal kommunen eig idag.

Rådmannen sitt framlegg med tillegg av nytt pkt.3 frå Reidar Øksnes vart samrøystes tilrådd.

#### **FS - 051/15 Vedtak:**

1. Austrheim kommunestyre tek delorienteringa frå arbeidsgruppa til vitande. Det vert sett i gang eit forprosjekt for å vurdere arealbehov for Kaland barnehage. Prosjektet bør vurdere areal innomhus og areal utomhus og sjå det saman med det eventuelle forprosjektet på omsorgsbustader.



2. Austrheim kommunestyre løyver inntil kr 200 000 til arbeidet. Midlane vert teke frå 802 tilleggsløyvingar kommunestyret
3. I forprosjektet bør ein og vurdera om det skal byggjast heilt ny barnehage i krinsen. Prosjektet må vurdera dette realisert innanfor det areal kommunen eig idag.

---

## **052/15: Kulturminneplan - Planprogram - Endeleg vedtak**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Planprogrammet for kulturminneplan vert godkjend slik det ligg føre

### **22.04.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **FS - 052/15 Vedtak:**

Planprogrammet for kulturminneplan vert godkjend slik det ligg føre

---

## **053/15: Søknad om tilskot til lokalhistorisk bok om Mongstad**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim formannskap løyver kr. 20.000,- til produksjon av lokalhistorisk bok i samsvar med søknad datert 15.08.15.

Kostnader kr. 20.000,- vert dekkja frå post 149038011902 – tilleggsløyvingar formannskapet

### **22.04.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **FS - 053/15 Vedtak:**

Austrheim formannskap løyver kr. 20.000,- til produksjon av lokalhistorisk bok i samsvar med søknad datert 15.08.15.

Kostnader kr. 20.000,- vert dekkja frå post 149038011902 – tilleggsløyvingar formannskapet

---

## **054/15: Evaluering og endring av Austrheim næringsforum**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim næringsforum vert vidareført. Det vert gjort endringar i organiseringa i tråd med saksframstillinga.

**22.04.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke.

**FS - 054/15 Vedtak:**

Austrheim næringsforum vert vidareført. Det vert gjort endringar i organiseringa i tråd med saksframstillinga.

---

**055/15: Budsjettoppfølging mars 2015/Status likviditet****Rådmannen sitt framlegg:**

Saka vert lagt fram til handsaming i møte.

**22.04.2015 FORMANNSKAPET**

Økonomisjef Olav Andersen lag fram sak i møte.

Framlegg frå rådmannen:

Orientering om budsjettoppfølging for mars 2015 og status likviditet vert teke til vitande.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 055/15 Vedtak:**

Orientering om budsjettoppfølging for mars 2015 og status likviditet vert teke til vitande

---